

# Skogsdrift i bratt terreng

## Tilrådingar frå ei gruppe i Allskog, Vestskog, Nortømmer og SB Skog

### Konklusjon og tilrådingar

#### 1. Mengde tømmer

I dag blir det hogge og framdrive til veg ca. 100 000 m<sup>3</sup> med taubane i bratt terreng i kystskogfylka. Dette kvantumet bør aukast jamt og doblast i første 10-års periode (2017-2027).

#### 2. Tilskot og tilskotsrammer

Statstilskotet til skogsdrift i bratt terreng varierar frå 80 til 120 kroner pr. kubikkmeter for storparten av virket. Det betyr at det i dag blir nytta kring 10 millionar kroner i statleg taubanetilskot i kystskogfylka.

Føresett om lag same tilskotssatsar pr. kubikkmeter (granskog) vil ei dobling av aktiviteten i bratt terreng dei neste 10 åra medføre inntil ei dobling av den totale nasjonale tilskotsramma.

#### 3. Tilskotssatsar

Satsane for tilskot til skogsdrift i bratt terreng er noko varierande.

Det er ynskjeleg med ein felles sats for taubanetilskot ved skogdrift i hogstmoden gran på Vestlandet og Agder. Begrepet hogstmoden gran må definerast.

For Trøndelag og Nordland vil det vere naturleg med noko høgare satsar pr. kubikkmeter pga. jamt lågare kubikkmasse pr. dekar.

Det må vere rom for andre og regionale tilskotssatsar i furuskog.

#### 4. Søknadskjema, førehandsgodkjenning og vilkår knytt til tilskotet.

Alle taubanedrifter der det blir gjeve statstilskot skal førehandsgodkjennast av fylkesmannen.

I dag blir dette noko varierande praktisert, også i kva grad kommunen blir trekt inn.

Nye digitale løysingar der skogeigar søker driftstilskot og signerar søknadskjema digitalt, vil gjere prosessen via kommunen til fylkesmannen både effektiv og rask. Sameleis vil kontroll kunne utførast raskt og effektivt.

Generelt må det vere definert like vilkår for like tilskot/ tilskotsatsar for gran og furu i alle fylka.

Dette må gå fram av søknadskjema om tilskot, jfr. også punkt 5 og 6 under

#### 5. Tilskot eller ikkje tilskot til anna enn taubane

Det bør vere høve til å bruke noko av ramma for driftstilskot i bratt terreng til:

- ✓ Lunning i områder med kavleggning (gjeld særleg Trøndelagsfylka, Nordland og Troms)
- ✓ Lang terrengtransport. Men krav om at det ikkje skal ikkje øydeleggje for framtidige vegløyningar
- ✓ Manuell felling til hogstmaskin i bratt terreng. Her bør det vere like satsar i alle fylka

Det må ikkje ytast tilskot til «gravedrifter» i bratt terreng

Dette må gå fram av søknadskjema om tilskot.

## 6. **Krav om planlegging om bruk av statstilskot**

Det er små marginar ved skogsdrift i bratt terreng og det stiller store krav til planlegging. Før fylkesmannen tek stilling til bruk av statstilskot, skal ein «godkjent vegplanleggar» bli gitt høve til å uttale seg om den konkrete saka/ planen. Dette må gå fram av søknadskjema om tilskot.

## 7. **Fast tilskotsmøte**

Det er relativt mykje bratt skogsterreng i kystskogfylka og stadig meir av den hogstmoden skogen fins i det bratte terrenget i åra framover.

For å samordne aktiviteten og bruk av statstilskot ved skogsdrift i bratt terreng, bør det innførast eit fast årleg tilskotsmøte i kystskogfylka kring 1. november. Valgt kontaktperson for fylkesmannen i kystskogfylka kallar inn. Inviterete er Allskog, Sb-Skog, Nortømmer, Vestskog og eventuel andre som kjøper/ sel og/ eller driftar tømmer i bratt terreng.

Resultata frå tilskotsmøtet skal raskt gjerast kjent for Landbruksdirektoratet. Direktoratet vil då ha høve til å ta omsyn til dette ved neste års tildeling av tilskotsmidlar til skogsvegar og føringar kring bruken av driftstilskotet i bratt terreng.

## 8. **Ein sentral pott**

Uansett ei betre samordning internt i kystskogfylka, er det viktig å merke seg at heilt uføresette hendingar, særleg vindfall og store nedbørmengder/ ras i bratt terreng kan raskt endre det totale bildet. Difor er det ynskjeleg at Landbruksdirektoratet held igjen ein sentral pott til endeleg fordeling på hausten. Saman med ei betre intern samordning, vil dette medverke til eit meir stabilt og forutsigbart økonomisk rammeverk for skogsdrift i bratt terreng, både for både skogeigar, entreprenør og omsetjar av skogsvirket.

## 9. **Miljøprofil m.m.**

Skogsdrift i bratt terreng ved hjelp av taubane er ei skånsam driftsform med miljøvenleg profil. Ending av klima og periodevis auka vassføring i elvar og bekkar gjer skogsdrift ved hjelp av taubane til eit godt alternativ i spesielt utsette områder.

Taubanemiljøet er relativt lite men høgt spesialisert. Ved naturkatastrofer (særleg etter vindfall/brekk) er bruk av taubane ofte einaste driftsform for å kunne rydde opp på forsvarleg vis. Desse spesielle omsyna er viktig å ta med ved all omtale og informasjon om norsk skogsbruk og der skogsdrift i bratt terreng er ein naturleg del.

## 22. mai 2017

*Anna Ceselie Brustad Moe*  
*Allskog SA*

*Arvid Eriksen*  
*Allskog SA*

*Vidar Jørdre*  
*Vestskog BA*

*Jens Manger*  
*Nortømmer AS*

*Lloyd Gundersen*  
*Nortømmer AS*

*Trond Svanøe-Hafstad*  
*SB Skog AS*

*Helge Kårstad*  
*Kystskogbruket*  
*Sekretær/ samordnar*